



Jibo Consult John Ingvald Økland  
Pb. 29  
5358 FJELL

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/10606 - 22/8219

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:  
28.01.2022

## Ferdigattest tilbygg småhus og tomannsbustad - gbnr 195/28 Leiknes

**Administrativt vedtak:** Saknr: 106/22  
**Tiltakshavar:** Jibo Consult John Ingvald Økland  
**Ansvarleg søkjar:** Jibo Consult John Ingvald Økland  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg til småhus og ny tomannsbustad på gbnr 195/28.**

**Bygningene må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.**

**Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 12.08.2014 (rammeløyve). For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 20.12.2022, komplettert med innmålingsdata 27.01.2022.

### Skildring

Adresse:	Leknesvegen 118, 120 og 122
Bygningstiltak:	Andre småhus med 3 bueiningar - tilbygg
Bygningsnummer:	176281650 -1
Bruksareal:	59m <sup>2</sup>
Avlaup:	Privat avlaupsanlegg

Vatn:	Offentleg vannverk
Tal på røykløp:	1
Adresse:	Leknesvegen 114 og 116
Bygningstiltak:	Tomannsbustad - horisontaldelt
Bygningsnummer:	300993610
Bruksareal:	168m <sup>2</sup>
Avlaup:	Privat avlaupsanlegg
Vatn:	Offentleg vannverk

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/10606

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Trygve Solberg  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakar:

Jibo Consult John Ingvald Økland	Pb. 29	5358	FJELL
Jibo Consult John Ingvald Økland	Pb. 29	5358	FJELL

